



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Andreas Lussand Mordt, 55 57 23 68

Vår dato
20.03.2015
Dykkar dato
10.03.2015

Vår referanse
2015/4228 326.1
Dykkar referanse
14/2352

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Stadfesta - Klage - Innsyn i dokumenter ang. forvaltningsrevisjon- Lindås kommune - Foss Utviklingselskap AS

Fylkesmannen viser til oversending datert 10.03.2015, motteken her 17.03.2015.

Fylkesmannen *stadfestar* Lindås kommune sitt vedtak av 10.12.2014 som avviser krav om innsyn i intervjureferat innhenta i samband med forvaltningsrevisjon i 2011.

Saka gjeld krav om innsyn i intervjureferat innhenta av Deloitte i samband med gjennomføring av forvaltningsrevisjon i Lindås kommune i 2011.

Krav om innsyn i desse dokumenta vart formelt avvist av kommunen i vedtak av 10.12.2014.

Vedtaket vart klaga på i brev av 15.12.2014 og 19.01.2015.

Kommunen tok stilling til klagen i innstilling av 10.03.2015. Klagen vart ikkje teken til følgje og saka vart så sendt over til Fylkesmannen.

Etter hovudregelen i offentleglova § 3 er saksdokument «*for organet*» opne for innsyn. Retten til innsyn i dokument gjeld såleis berre dokument som finnast hos det aktuelle offentlege organet. Offentleglova pålegg ikkje offentlege organ å innhente dokument for så å gjere desse tilgjengelege for innsyn.

I denne saka er det opplyst at dei dokumenta det vert kravd innsyn i ikkje finnast hos kommunen. Det følgjer då av § 3 at klagar ikkje kan ha krav på innsyn i dokumenta. Fylkesmannen stadfestar etter dette kommunen sitt vedtak.

Fylkesmannen sitt vedtak er endeleg og kan ikkje klagast på vidare.

Med helsing

Rune Fjeld
assisterande fylkesmann

Anne Kjersti Sande
seksjonsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Foss utviklingselskap AS Kvassnesvegen 23 5914 ISDALSTØ